

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/7437-2

Avslutning av Statfjord A – Høyring av konsekvensutgreiing

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik fråsegn:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at hovudtilnærminga for avslutning av Statfjord A bør vere at alle innretningar på sokkelen - som ikkje lenger er i bruk - skal fjernast.
2. Konsekvensutgreiinga argumenterer med at det er vanskeleg å fjerne betongunderstellet på ein sikker og økonomisk forsvarleg måte. Norsk petroleumsnæring har sidan starten vist gode evner til å løyse krevjande utfordringar. Berre på norsk sokkel må svært mange installasjonar fjernast i åra som kjem. Dette bør inspirere til at ein ut frå miljøomsyn, så vel som omsyn til norsk teknologiutvikling og verdiskaping, må arbeide for maksimal opprydding på sokkelen.
3. Ilandføring til Noreg for opphogging og resirkulering er viktig. Mange avslutningsprosjekt vil i sum representere stor verdiskaping også på land. Det er viktig at utvikling av norsk kapasitet vert stimulert gjennom konkrete oppdrag, slik at mest mogleg av verdiskapinga kan skje innanlands.
4. Enkeltløftmetoden framstår som god med omsyn til helse, miljø og tryggleik ut frå færre operasjonar offshore og meir arbeid under kontrollerte forhold på land. I tillegg er det grunn til å tru at fjerningsoperasjonane offshore vil gå raskare, noko som burde slå positivt ut økonomisk. Metoden vart nytta med suksess ved fjerning av Ymeplattforma. Seinare er den tyngre dekkmodulen på Brent Delta-plattforma fjerna på same måte.
5. På Lutelandet i Sogn og Fjordane, i denne samanheng «næraste nabo» til Statfjordfeltet, vert det satsa mykje på opphogging og resirkulering av offshoreinstallasjonar. På dette industriområdet ligg det godt til rette for effektiv ilandføring av store konstruksjonar som komplette dekkanslegg, noko som vart demonstrert ved ilandføring av Yme. Innseglsforholda er gode og grunnforholda toler svært tunge konstruksjonar. Lutelandet er eit stort område der ein vil kunne setje på land fleire installasjonar ved sidan av kvarandre. Området ligg vidare slik til at arbeid med opphogging og resirkulering er til minimal sjenanse for omgjevnadane. Det vart ikkje registrert klagar knytt til arbeidet med Yme.

SAKSFRAMSTILLING

Saka gjeld høyring av konsekvensutgreiing (KU) for avslutning av Statfjord A-plattforma (SFA). KU er no på høyring. Dokumenta kan lesast på <https://www.equinor.com/no> (menyval «Hvordan og hvorfor», deretter «Konsekvensutredningar»). Frist for fråsegn er 2. november 2018. Eventuell fråsegn skal sendast Equinor som feltoperatør, med kopi til Olje- og energidepartementet.

Oljen på Statfjord vart funnen våren 1974 og feltet vart erklært drivverdig same år. Feltet er lokalisert på grenselina mellom norsk og britisk sokkel nord for 61. breiddegrad, utanfor Sogn og Fjordane.

Statfjordfeltet er bygd ut med tre botnfaste produksjonsplattformer i betong, Statfjord A, B og C. SFA vart installert på feltet i mai 1977. Produksjonen på plattforma starta i 1979. Utvinninga på feltet er venta å vare til 2025 for SFC og SFB, og til ultimo 2022 for SFA. KU gjeld SFA.

Hovudregelen er at alle offshoreinnretningar som ikkje lenger er i bruk, skal fjernast. Det er mogleg å søkje fritak for m.a. betongunderstell, dersom fjerning ikkje lar seg gjennomføre på ein kontrollert måte. SFA vart konstruert og bygd før det kom krav i norsk regelverk om at alle innretningar skal vere mogleg å fjerne.


SFA er ei såkalla Condeep-plattform med betongunderstell med 16 lagerceller for olje og eit stort integrert dekkсанlegg (jf illustrasjon). Det er fleire alternativ for avslutning. Alle alternativ inneber at dekkсанlegget på SFA vil bli frakta til land for opphogging. Tre metodar er vurderte;

- Bit-for-bit metoden som baserer seg på å kutte og demontere heile dekkсанlegget til mindre handterbare einingar på feltet. Dette inneber eit omfattande arbeid på feltet.
- Reversert installasjon/modulbasert fjerning. Modular vert fjerna ved hjelp av tungløftfartøy i motsett rekkefølge til korleis dei vart installert på plattformen.
- Enkeltløftmetoden («single lift») vert i dag tilboden av éin aktør i marknaden som ved hjelp av et spesialfartøy med teoretisk løftekapasitet på 48 000 tonn (tilsvarende tørrvekt av dekkсанlegg på SFA) kan fjerne heile eller tilnærma heile dekkсанlegg i éin operasjon.

Oppbygging og vekt av dekket på SFA gjer i følgje KU at fjerning vil bli gjennomført ved en kombinasjon av to eller fleire av desse metodane.

Det ligg i prinsippet føre tre alternativ for fjerning av betongunderstellet;

- Alternativ A med full fjerning av understell.
- Alternativ B med delvis etterlating av understell. Dette vil innebere å kutte skafta minimum 55 meter under havoverflata for å sikre fri oversegling.
- Alternativ C med etterlating av understell vil innebere at skafta vil stå att med tilnærma full høgde over vassflata (jf illustrasjon).



Ill.: Statfjord A-plattformen (SFA)



Ill.: Fjerningsalternativ C

Det går fram av KU at området er fiskeriintensivt. Like fullt er det anbefalt disponeringsløyseing for SFA betongunderstell i KU alternativ C (etterlating). Alt. A med full fjerning vert vurdert som for risikabelt m.a. med tanke på struktorkollaps ved forsøk på heving/fjerning, medan det som argument mot delvis etterlating (alt. B) m.a. blir vist til at det ikkje er utvikla eigna kutteverktøy for denne type operasjonar under vatn.

Med tanke på sysselsetting er full fjerning ikkje vurdert, då alternativet ikkje blir vurdert som gjennomførleg. For dei to attverande alternativa er det rekna ein sysselsettingseffekt på 3 100 årsverk ved fjerning av dekkсанlegg og etterlating av betongunderstell og 4 100 årsverk ved delvis etterlating av understell. Om dekket vert tatt i land på anlegg i utlandet, vert det estimert ei tapt norsk sysselsetting på om lag 60 til 80 arbeidsplassar over nokre år.